



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd



# Årsmelding 2025

*Nær Kristus - nær kvardagen - nær kvarandre*



## Leiar

**Kjære alle saman! Det har vore nok eit innhaldsrikt år i Os kyrkjelyd. Det går an å seia at det har vore eit år for store markeringar og særskilde hendingar.**

Vi har feira 80 års jubileum i Speidaren, 25 års jubileum for Nore Neset kyrkje, og vi har hatt bispevisitas med flerie gode arrangement saman med Biskop Ragnhild Jepsen. Rekord for oppslutninga rundt arrangementet «Lys vaken» vart det også, med over 80 sjetteklassingar som koste seg i kyrkja vår. Det har vore svært gjevande å få vera med å ta del i dette, og eg har mange gongar dette året fått kjenna på stoltheit og glede for kyrkja vår.

Kyrkjeåret har også handla om så mykje meir enn desse store hendingane. Kvar einaste veke vert det lagt ned ein kjempestor innsats både av staben i kyrkja og av alle dei frivillige for at kyrkja skal gje eit godt tilbod til menneska i kommunen vår, og for å følga visjonen vår som er «Nær Kristus, nær kvardagen, nær kvarandre».

Det har også vore eit år med endringar i staben. Jostein Enger kom inn som ny kapellan i starten av 2025. I februar 2025 fekk vi tilsett Idun Fjeld som prosjektarbeidar for det Bufdir-støtta ungdomstiltaket «Opne møteplassar», og ho har denne viktige jobben i tre år. Tidlegare kyrkjevevjerje Kristine Fjeld gjekk over i stillinga som kyrkjelydspedagog etter sommaren, då denne vart ledig etter Vibeke Stang. Ny kyrkjevevjerje vart tilsett om hausten, og Jon Håkon Øen starta i stillinga som kyrkjevevjerje for Bjørnafjorden ved årsskiftet. Terese Bodin som har gjort eit godt arbeid for kyrkja som innleigd konsulent dei siste to åra, ikkje minst òg som sekretær for soknerådet, takka for seg til nyttår. No er Sigurd Rotvik Tunestveit attende som dagleg leiar for soknet på fulltid, og bistår soknerådsarbeidet vidare.

Endringar i staben har òg ført til endringar i soknerådet. Som følge av tilsetting som kyrkjevevjerje fekk Jon Håkon Øen fritak frå sitt verv i soknerådet. Olav Emil Tennefoss Vatshelle har dessutan søkt om og fått fritak frå soknerådet ut perioden. Han var òg representant i fellesrådet, og det vart dermed behov for ein ny representant der. Dermed gjekk Per Gunnar Oseng frå nestleiarvervet i soknerådet til ny leiar for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, etter at Lars Erik Dalland frå Fusa har vore leiar dei siste par åra. Espen Haga vart ved valet i november valt inn som ny nestleiar i soknerådet. Dermed sto to plassar i rådet ledig, og varamedlemmane Malin Nøss Vangsnes-Weaver og Inger Botnevik er no faste medlemmar. Eg er takksam for at vi har så mange gode folk i soknerådet at vi kan fylla dei ulike verva på ein så god måte, også når det skjer endringar.

Dei viktigaste sakene for soknerådet dette året har vore dei naudsynte utbetringane i Tunet og arbeidet med ny overordna strategiplan. Den krevjande kommuneøkonomien får også konsekvensar for Tunet, då trange økonomiske rammer skapar store utfordringar for arbeidet. Vi har fått generøse gåver frå kyrkjelyden som vi er svært takksame for! Vi vil i tida som kjem sjå på alternative finansieringsløyisingar slik at vi kan ta vare på Tunet, som er ein base for mykje av aktiviteten til kyrkja. Arbeidet med strategiplanen har gjeve rom for å skapa tettare relasjonar og band mellom soknerådet og staben i kyrkja. Vi har hatt fleire gode samlingar saman kor vi også har arbeidd i grupper med visjonen vår «Nær Kristus, nær kvardagen, nær kvarandre», og nærast plukka denne ned i mindre molekyl slik at vi saman kan gripa kva denne faktisk rommar, og korleis den kan bli levande for soknet vårt gjennom det arbeidet som kyrkja gjer. Slik kan vi også sikra at strategiplanen er i tråd med vår visjon.

Til sist vil eg nytta høvet til å dela eit lite ord frå Bibelen som har blitt viktig for meg, som ei helsing til oss alle inn i påsketida: Når eg er ute og går på tur legg eg merke til dei vakre snøklokkene som har kome opp frå bakken. Då vert eg minna om ordet frå Jesaja 43,19. «Sjå, eg skaper noko nytt. No gror det fram, merkar de det ikkje?» Som menneske kan me i periodar gå oss litt tomme. Det er ikkje alle dagar, alle relasjonar eller alle situasjonar som er like enkle. Dette ordet frå Jesaja handlar om Guds løfte om fornying og håp. Jesus kan og vil skapa noko nytt i oss om me er opne for det, og han går med oss i prosessen medan det gror og spirer fram. Riktig god påske!

*Leiar Tone Steinsund Hagevik*



## Råd og utval

Soknerådet er kyrkjelyden sine folkevalde leiarar og har ansvar for planar, økonomi og styring. Rådet som vart vald i 2023 sit fram til 2027.

Ved utgangen av 2025 har soknerådet følgjande samansetning:

Tone Steinsund Hagevik, leiar  
Espen Harald Haga, nestleiar  
Christine Westgaard Lund Halland  
Grethe Inger Berge  
Inger Botnevik  
Karl Ole Midtbø  
Malin Nøss Vangsnes-Weaver  
Per Gunnar Oseng

Birk Eiken Lunde, varamedlem  
Frode Qvale, varamedlem  
Arild Saltskår Jentoft, varamedlem

Rådsmedlemmane er engasjerte i ulike utval og komitear, mellom anna:


- Musikkutvalet, leia av kantor Irina Tarasova.
- Gudstenesteutvalet, leia av sokneprest Roar Hallesby Evjedal.
- Diakoniutvalet, leia av diakon Ingrid Vik (til januar 2026).
- Trusopplæringsutvalet, leia av kateket Gro Helen Blindheim Skjælaaen.
- Nore Neset-utvalet, som skapar aktivitet i Nore Neset kyrkje gjennom året
- Julemessekomiteen – står bak den store julemessa i november.

## Gudstenester


Os kyrkjelyd har eit rikt gudstenesteliv med høgmesser, familiegudstenester og gudstenester med band, i tillegg til fleire spesialarrangement gjennom året.

I 2025 vart det registrert:

- 18252 deltakarar på gudstenester, ei auke på 7,7 % frå året før
- 163 konfirmantar
- 22 vigslar
- 117 gravferder/bisetjingar
- 142 dåp



Dåp i Os sokn 2017-2025



Dåpstala er framleis i positiv utvikling og har henta seg attende til nivåa før pandemien. Deltakarar på gudstenester har òg stige og er no på det høgste nivået sidan 2017. Det er gledeleg at kyrkjelyden si hovudsamling blir brukt og femner breitt.



Frå visitasgudstenesten i Os kyrkje. Bak f.v.: Fungerande kyrkjeverje Sigurd Rotvik Tunestveit, prostiprest Svante Havåg, kapellan Jostein Enger, sokneprest i Os Roar Hallesby Evjedal, kateket Gro Helen Blindheim Skjælaaen. Framme f.v.: Kyrkjelydsarbeidar Gry Mjelde, diakon Ingrid Vik, sokneprest i Fusa Anette-Emilie Gangstø, biskop Ragnhild Jepsen, prost Kristin Sævik Litlere, soknerådsleiar i Fusa Sigbjørn Sundfjord og soknerådsleiar i Os Tone Steinsund Hagevik.



Biskopen var på besøk og fekk spørsmål frå elevar på 10.trinn ved Os ungdomsskule.

## Bispevisitas til Bjørnafjorden november 2025

Biskop Ragnhild Jepsen var på rundreise i kyrkjelydane i Fusa og Os tre intense dagar i november. Ho var innom ein god del aktivitetar og møteplassar, helste på unge og gamle, deltok på møter med både tilsette og sokneråda, og bidrog til eit godt møte med kommuneleiinga om kyrkja si rolle i lokalsamfunnet. Søndag 23. november vart visitasen avslutta med felles høgmesse for begge kyrkjelydane i Os kyrkje.

Det vart ei storslagen og spesiell gudsteneste, der flott musikk ramma inn messeledda. Biskopen preikte over evangelieteksten denne søndagen, frå Johannes 9,39-41. Det var òg bidrag frå alle prestar og vigsla medarbeidarar (diakon og kateket) som arbeider i Bjørnafjorden i tillegg til medlemmar frå sokneråd og fellesråd, og musikk frå gjengen i KOREDu.



Etter gudstenesta held biskopen sitt visitasforedrag, og trekte der fram dei ulike inntrykka ho hadde fått desse dagane i kommunen. Ho lyfte fram at kyrkja her er framoverlent, og at vi både er berar av viktige tradisjonar og lyt tenke nytt i møte med nye utfordringar. Kanskje kan vi i endå større grad læra av og late oss inspirere av kvarandre over fjorden? Vidare minte ho oss på at vi midt i alt arbeidet må halde fokuset på Jesus, han som er "tuntreet på TUNET". Fyrst då kan greinane veksa og nå ut til alle, i tråd med visjonen for kyrkjelyden vår; "Nær Kristus, nær kvarandre, nær kvardagen".



## Tunet kyrkje- og kultursenter

Tunet er både kyrkjelydshus, kulturarena og utleigestad med stor aktivitet.

Her er nokre hovudpunkt frå året som gjekk i korte trekk:

- Høg pris- og renteauke har pressa drifta
- Dyre reparasjonar på mellom anna glasvegg-konstruksjonar og ventilasjonsanlegg; fleire delar av bygget viser aldringsteikn og treng nye løft.
- Gjevartenesta gav over 650 000 kr, og frivillig arbeid som m.a. Minnesamvær skaffar ytterlegare gode og skattefrie inntekter.
- Større vedlikehaldsbehov er kartlagt vidare og planlagt av soknerådet, som no jobbar med finansiering (tak, vindauge m.m.)
- Utleigeinntektene er stabile, men held ikkje følgje med aukande utgifter til både drift og vedlikehald
- Frivillige tiltak som «Trim for Tunet», strikkebasar og andre gode tiltak skaffar fleire hundre tusen kroner for å betale ned gjeld og halde huset i god stand. Dette er innsats og gâver vi set stor pris på!

### Minnesamvær

Det vart i 2025 halde 14 minnesamvær i Tunet. 14 einestâande frivillige minnesamvær-vertar tok imot 682 gjestar til pent dekkja bord med kvite dukar, serviettar, lys&roser, kaffi/te. Vertane stod for til-laging, servering, rydding og oppvask.

Desse tilstelningane gir skattefrie og viktige inntekter for Tunet. Enda viktigare er denne moglegheita å kunne tilby osingane å halde minnesamvær i Tunet når nære og kjære har gått bort. Tilbakemeldingar fortel om ei fin ramme rundt samværa.

Takk og ære til våre minnesamvær-vertar for stå-på-vilje og «finesse til fingerspissane». Det er ikkje mykje som er overlate til tilfeldighetene hos denne gjengen!

# Aktivitetar for barn og familiar

## Barnesamling

Barnesamling er borna sin eigen gudsteneste der forkynninga er retta til borna. Denne aktiviteten passar for born i 2-11 års alder. Vi brukar opplegget Sprell Levande (frå Søndagskulen) som mal for samlingane. Denne malen har bøn (lystenning), forteljing (frå heile Bibelen), undring og sprell (aktivitet). Samlinga startar i gudstenesta og borna som deltek der vil bli invitert vidare til barnesamling anten på Tunet eller på kjøkkenet i Nore Neset kyrkje. Borna kan ha med seg vaksne eller gå med vener på samlingane. Det er rundt ti born som møter på kvar samling. I 2025 vart det gjennomført åtte samlingar i Os éin i Nore Neset. Dette drivast av frivillige med støtte frå stab. Det har vore lagt opp til mange familiegudstenester både i Os (åtte stk) og i Nore Neset kyrkje (seks stk, Messy Church) i tillegg til barnesamlingane.

## Familiekoret ShubaDubs

Familiekoret ShubaDubs øver i Tunet annankvar torsdag og er organisert i Søndagskulen. Her syng vi i 30 minutt før vi saman deler kveldsmat. Denne aktiviteten er drive av stab med støtte frå frivillige. Det å lage kveldsmat går på rundgang mellom foreldrane. Hausten 2025 har det vore i snitt 12 barn på øvingane, og det er 27 betalande medlemar. ShubaDubs er eit tilbod for familiar med born i 2,5-6 årsalderen. Det er ein god arena å vere med på ringdans og songleik i lag, og vi øver på å falde hendene våre i bøn. Ein av favorittsongane handlar om det å bli funne, der ein gøymer borna under eit teppe, før dei vaksne saman "finn" alle borna.



Aktivitetar, eksperiment og leik er ein integrert del av gudstenesten på "Messy church" i Nore Neset (foto: Ingvild H. Evjedal)

## Messy church på Nore Neset

I 2025 vart det gjennomført 6 Messy church-gudstenester i Nore Neset. Det var rundt 90 personar samla til desse samlingane. Dei fleste av samlingane har vi òg feira dåp. Vi har no brukt dei fleste samlingsopplegga som er laga for dette konseptet, og fått til ein god arbeidsform i lag med Nore Neset-utvalet. Det er godt oppmøte og alle generasjonane set stor pris på opplegget og samlingane. Det er kjekt for dåpsfamiliane å få sjå denne sida av kyrkja også.

## Aldri Åleine

Aldri åleine er eit hyggeleg møtepunkt med dei gode samtalane for tweens i kyrkjelyden. Vi set fokus på spennande tema, lærar å be, blir kjent med Jesus og med kvarandre gjennom ulike aktivitetar, leikar, testar kvarandre med quiz og har felles måltid med pizza og brus. Desse månadlege samlingane er lagt til søndagar klokka 18.00-19.30 i Eldstova i Tunet. Det har vore fire samlingar på våren og fire samlingar på hausten. Aldri åleine er organisert i søndagsskulen og det kostar 50,- kr å vera medlem. Dette dekkjer pizza og brus heile semesteret. Tilbodet drivast av frivillige med støtte frå stab.

## KOReDu

KOReDu er barne og tweens-koret i kyrkjelyden, som er organisert i KFUK-KFUM. Aldersspennet er frå 1. til 7. trinn, 6-13 år. Øvingane er sett saman av leik og korøving. Dette koret lærer seg songar som dei framfører på ulike tilstellingar eller i gudstenester. Dei som er i tweens-alder (10-13) har fleire øvingar enn dei yngste. Alle har øvingar i partalsveker og tweens har eigentid i oddetalsveker. Dei eldste i koret trenar seg på å bli leiarar og kan ofte ta ansvar for oppvarming, leikar, å lage i stand korlokalet eller rydde opp etterpå. Det er fleire gode leiarspirar i tweenskoret!

Det er 31 betalende medlemmar i KOReDu. Koret er drive av frivillige leiarar med administrativ støtte frå stab. Våren 2025 var koret med på fleire gudstenester og hadde ein fin avslutningskonsert i Tunet. På hausten vart det arrangert KickOff-torsdag med pizza til alle. Det var ein suksess og det kom mange nye medlemmar. I oktober gjekk Barne- og Tweensfestival av stabelen med 20 deltakarar frå KOReDu i Skjold kirke. I desember hadde KOReDu framsyning på Luranetunet. Den siste framsyninga i 2025 var på julaftan der KOReDu laga julestemning i ei fullsett Os kyrkje.



KOReDu i sving med innspeling av skulestart-låt med Lise Renee Aase i Tunet

## Kyrkjeleg undervisning og læring

I løpet av 2025 vart trusopplæringsplanen "Gud gir – vi deler" erstatta av "Plan for kyrkjeleg undervisning og læring". Dette er ein plan som fokuserer på livslang læring, inkludering og deltaking for alle døypte og interesserte, og har som mål å samle alle aktiviteter i ein meir heilheitleg plan; altså både det vi tidlegare har kalla for trusopplærings tiltak, og kontinuerlege grupper og aktiviteter. Denne nye planen gjev rammer og retning for ein samla plan og utvida utforming av våre lokale planar for dei ulike aldersgruppene. Vi er i gang med arbeidet med å setje dette i system og utforme ein meir samla oversikt over alt vi gjer.

### Kirka vår

Kirka vår er eit digitalt, strategisk verktøy som samlar dette planarbeidet for heile kyrkjelyden, og som vi har starta med å bruke. Dette verktøyet inkluderer undervisning og læring, diakoni, misjon, kyrkjemusikk, gudstenesteliv og anna arbeid på ein stad, og kan delast mellom stab, sokneråd og frivillige. Dette bidreg til at vi i endå større grad kan sjå alt det som foregår i kyrkja i samanheng.

På dei neste sidene finn du ein oversikt over dei aldersbestemte tiltaka for born og unge som vart gjennomførte som del av våre lokale planar for trusopplæring/kyrkjeleg undervisning i 2025.

# Kyrkjeleg undervisning og læring

## Aldersbestemte tiltak

Gjennom oppveksten ynskjer vi å støtte heimen i å gje borna høve til å bli kjent med Jesus, kyrkja og kyrkjelyden, og utvikle seg som unike, kreative og skapande menneske. I tillegg til tilbod om ulike grupper og fellesskap som spenner over fleire årskull, har Os kyrkjelyd i 2025 hatt desse tilboda:

**0 år** Dåp, babysong

**1 år** Dåpshelsing, krabbesong

**2 år** Dåpshelsing

**3 år** Adventssamling

**4 år** 4-årsbok

**5 år** Påskevandring

**6 år** Heilt førsteklasses!

**7-8 år** Skapingsdagane

**9 år** Tårnagent-samling

**11 år** Lys Vaken-samling

## Dåpen

I dåpen vert ein innlemma i kyrkjelyden som eit nytt medlem, helsa velkommen og gjeve eit fyrste møte med kyrkja. I 2025 hadde vi 142 dåpsborn, i 2024 var talet 140.

## Dåpshelsingar

Ved fylte 1 og 2 år sender kyrkjelyden vanlegvis ut ei dåpshelsing til borna i posten. Fyrst ei spisebrikke med motiv av Noas ark, og deretter ei bok. Dette er meint for å støtte heimen i trusopplæringa og gje inspirasjon, og dessutan for å vise born og foreldre at kyrkja framleis tenkjer på borna og er eit fellesskap ein kan ta del i. Det vart ikkje sendt ut spisebrikke i 2025 grunna sjukdom i stab. Boka til 2-åringar vart sendt ut på nyåret i 2026, då med ein invitasjon til å bli med på ein Krøllesamling, og påfølgande korøving saman med Shubadubs.

## Babysong og krabbesong

Babysong-kurs gjev ein introduksjon til musikalsk samspel med det vesle barnet og er eit viktig sosialt treffpunkt med andre som er i spedbarnsfasen. I 2025 hadde vi organiserte kurs både i Nore Neset kyrkje og i Tunet kyrkje- og kultursenter. Det er barne- og familiarbeidar i stab som held kursa i Nore Neset kyrkje, dette er på torsdagar. I Tunet arrangerast babysong som eit samarbeid med KFUK-KFUM Open barnehage, og dette foregår på tysdagar. Eit kursforløp går over 8 samlingar, og det har vore god oppslutning om kursa på begge lokasjonar. I alt 73 born deltok på babysong i 2025, noko som tilsvarar 30% av dei døypte.

## Adventssamling

For treåringane vart det gjennomført ei adventssamling i Tunet, og ei adventssamling i Nore Neset kyrkje i 2025. Dette vart fine samlingar kor vi høyrde juleevangeliet, åt graut, laga adventsstjerne, gjekk rundt juletreet og fekk ein liten adventspresang. Til saman kom 25 treåringar, som ga ein oppslutning på 17%.



### Utdeling av 4-årsbok

Det vart gjennomført 4 gudstenester med utdeling av 4-årsbøker.

Fireåringane får invitasjon til å delta på ei gudstjeneste der dei får si eiga bok med tekst, bilete og kjekke aktivitetar. I 2025 fekk 24 fireåringar utdelt bok i éi av kyrkjene, ein oppslutning på 15 %. Oppslutninga kring dette tiltaket i lag med ei totalvurdering av gudstjenestetilbodet gjer at vi ikkje legg opp til like mange gudstenester med utdeling av 4års bøker i 2026. Alle fireåringar får likevel invitasjon til å koma i kyrkja og få sin eigen bok.

### Påskevandringa "Opplev påsken"

Veka før påskeferien inviterer vi femåringane til Os kyrkje for å vandre gjennom påskefortellinga. Ei flott utstilling er utgangspunkt for ei vandring mellom stasjonar rundt i kyrkjerommet som tek for seg hendingane i påskeveka. Frå palmesøndag til påskedag formidlast påskebodskapen på ein konkret og tydeleg måte for denne aldersgruppa. I 2025 deltok 15 femåringar på vandringa, ein oppslutning på 12%.



### Heilt førsteklasse!

Dette er eit relativt omfattande opplegg som vanlegvis går over 5 ettermiddagar. I 2025 vart det tilbod om 4 samlingar. Ein tek utgangspunkt i historiar og songar som ein finn i 6-årsboka, og borna får høyre ulike bibelhistorier kvar gong. Dei har gjort ulike hobbyaktivitetar, som å lage ein fredsdue (Noas ark) og bygge ei brønn av leire (Josef i brønnen). Vi har også hatt besøk av Raude Kross som har lært førsteklasingar om førstehjelp (Den barmhjertige samaritan). Samlingane vart avslutta med felles kveldsmat. I 2025 deltok 9 førsteklasingar, ei oppslutning på 6%.

### Skapingsdagane

Skapingsdagane er eit flaggskip i trusopplæringa, med tre kreative dagar like etter skuleslutt for 1. og 2-klassingar. Som åra før vart Skapingsdagane 2025 ein stor suksess. 58 born fekk utfalde seg med musikk, leire, dans, drama, måling og handarbeid. Dagane startar i kyrkja med korte morgonsamlingar som inneheldt mellom anna song, ord for dagen og velsigninga. Så bryter kreativiteten laus, og borna fekk utfalde seg resten av dagen med sjølvvalde aktivitetar vegleidd av dyktige kunstnarar og pedagogar. Det var topp stemning hos både born, gode medhjelparar, utøvarar og stab.

### Tårnagent-helg for 9-åringar

Dette arrangementet tidleg i 2025 måtte dessverre utgå som følge av sjukdom i staben.



### Lys Vaken

Lys Vaken var arrangement i 2025 etter fleire år utan gjennomføring, denne gongen i ny drakt. Og for ein respons! Det var 85 deltakarar påmeldt, 45% av alle dei døypte i dette kullet. Både på grunn av kapasitet i kyrkjerommet og i stab, gjorde ein eit forsøk med Lys vaken utan overnatting i kyrkja. Dette har ellers vore eit trekkplaster ved arrangementet, men erstatninga viste seg å vere vel så god: Det vart gjennomført eit 7 timars arrangement med mellom anna stasjonar i kyrkja, eksperimentering med lys, is-bar, bongokveld og "ranglegudstjeneste" med påfølgande orgelkonsert godt ut på kvelden. Vi ønskjer å halde frem med å arrangere Lys vaken som eit laurdagsarrangement utan overnatting, for dette vart eit svært vellukka arrangement for elleveåringane.



## Konfirmasjonstida

Våren 2025 vart 165 15-åringar konfirmerte i våre to kyrkjer.

Desse konfirmasjonane avslutta eit år der vi hadde prøvd ut eit litt nytt opplegg. Vi hadde eit ønskje om å bruka Nore Neset kyrkje i større grad enn før, og oppretta aktivitetsgrupper for konfirmantane i nærområda der; padel blant anna. Organiseringa dette året fungerte ikkje optimalt. Vi enda opp med altfor store grupper inne til undervisning med færre ressursar enn tidlegare, sidan dei andre var opptekne med aktivitet ute. Det vart for krevjande for kateket og prest å halde oppe aleine.

Hausten 2025 valde vi difor å gå tilbake til ei organisering med utgangspunkt i Tunet og det løpande ungdomsarbeidet. Eit stort kull, 179 konfirmantar, var påmelde til dette opplegget.

Annankvar onsdag samla vi om lag halve konfirmantkullet i Tunet - til bibelforteljing, gruppeaktivitet, undervisning og bønnevandring i Os kyrkje. Dette opplevde presten og kateketen at var ein veldig fin måte å ha konfirmantopplegg på. For det fyrste var fleire i staben saman om planlegging og gjennomføring av aktivitetane. Ikkje minst var dei òg saman om relasjonsbygging og å sjå konfirmantane. For det andre kjentest det godt å jobbe konkret med forteljingar om korleis Jesus møtte menneske, og kva det kan ha å seie for oss i dag, både gjennom bibeltekstane og truspraksisar - bønnevandringa.

Det som var annleis frå tidlegare år var at vi flytta tidspunktet til 15.30-18.00. I tillegg har vi prøvd ut tilbod om mat før samlinga byrjar, frå 14.30 - 15.30. Då får konfirmantane tilbod om ostesmørbrød.

JoinUs har hatt 20 konfirmantar, som har blitt ein del av deira fellesskap og aktivitetar. Her kunne dei velgje mellom kor, band, dans, mat, hobby, mediegruppe og lyd og teknikk. 113 konfirmantar valde KRIK-gruppene. Her måtte vi utvide med to ekstra aktivitetsgrupper (til saman 6 slike grupper) for å kunne ta imot dei fleste som ønska dette opplegget. Utanom dette kunne vi tilby 2 "Ut og sånn"- grupper med friluftsliv i fokus, Pizza og bibel, Delta (digitalt undervisningsopplegg) og "Rom for deg" for dei som hadde behov for ei tilrettelagd konfirmasjonstid.

Som tidlegare fekk alle konfirmantane reise på leir til Raknestunet på Osterøy. Vi lagar og organiserer leir sjølve, og får gjennom leiraktiviteten også gitt ungdomsleiarane våre god leiartrening i planarbeid, gjennomføring og evaluering. På leirane med dette kullet hadde vi ein kjempegod gjeng med 14 ungdommar med som ungdomsleiarar. Statistikkmessig er det om lag 70% av dei døypte 15-åringane (som får invitasjon i posten), og om lag 50% av årskullet i Os totalt sett, som vel konfirmasjon i Os kyrkjelyd. Dette er gode tal i nasjonal samanheng, og noko vi er stolte av.





## Ungdomstunet

Ungdomstunet er hovudbasen for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, med eit breitt og inkluderande utval møteplassar og aktivitetar for 8. trinn og oppover.

I 2025 fekk vi tilført ein ny ressurs til vårt eksisterande arbeid, takka vere treårig prosjektstønad frå Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet). Dette arbeidet skal fokusere på å utvide kapasiteten og opne våre eksisterande møteplassar for fleire ungdommar, og samarbeider difor tett med både konfirmanstopplegget, JoinUs-leiarar og ungdomsarbeidarar i staben, men òg instansar som Utekontakten, skular og helsetenester, Natteravnene, SLT utførande (Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande Tiltak) i Bjørnafjorden kommune med meir.

Nokre av tiltaka:

- JoinUs TenSing med band, kor, teknisk gruppe, mat og sosialt samvær og mykje meir!
- Klubben – lågterskel, rusfri møteplass i Tunet for ungdommar
- KRIK Os – ein sjølvdriven og leiken gjeng, oftast på Os Aktiv
- Pizza & Bibel – vekefast ungdomssamling med både djupe og mindre djupe samtalar, mat og fint fokus
- ULF (Ungt leiarforum) – samling som gir oppfølging og inspirasjon til unge leiarspirer



Er du nysgjerrig på kva ungdommane i kyrkjelyden steller i stand, kan du følgje Ungdomstunet på sosiale medier (Instagram, Facebook og TikTok) eller sjå siste nytt på [www.ungdomstunet.no](http://www.ungdomstunet.no)!



## Diakoni

### Diakonien i Os skal fremja nestekjærleik, miljø, rettferd og inkluderande fellesskap.

Svært mykje kan nemnast, då vi på dette feltet har drive eit stort arbeid med mange frivillige. Engasjementet for omsorgsarbeid i kyrkja er stort i Os, og diakon Ingrid Vik har koordinert mykje. Etter at ho gav seg i jobben i februar 2026 har Rebecca Efua Sam Hilleren kome inn som vikar, og diakoniutvalet vil vere delaktig i å finne vegen vidare. Her er nokre framheva tiltak frå 2025:

- Sorggrupper og samtalegrupper
- Vi konkluderte eit treårig samarbeid med Familiens Hus om vegleiingstilbodet «Foreldre møter foreldre»
- Språkkafé driven av diakon i lag med frivillige og samarbeidspartnarar
- Tilrettelagde gudstenester i Tunet og Os kyrkje
- Konfirmantar og frivillige samla inn over 183 000 kr til Kirkens Nødhjelp under Fasteaksjonen
- Fleire gode møteplassar for eldre, mellom anna Senior-Koinonia og Lunsjtreff i Nore Neset kyrkje.

Eldretreffa i Kløvertun, der Os sokn har vore medarrangør, avslutta sine samlingar til sommaren 2025.

Tiltaka i diakoniplanen vår er med å byggje eit lokalsamfunn i Os som tek vare på enkeltmenneska i det store fellesskapet. Diakoni har ein naturleg og viktig plass i mange osingar sin kvardag. På fleire område er vi med på å dekkje behov som ikkje i stor nok grad dekkjast av andre instansar, og vi ser kor viktig dette er for både kyrkjegjengarar og andre i befolkninga.





Orgelkonsert i seine kveldstimar med sovepose i kyrkjebenken var ein ny oppleving for 11-åringane som var med på "Lys Vaken" i november.

## Kyrkjemusikk

Musikken i kyrkja er viktig, og spenner breitt.

Gudstjenester, gravferder, vigsler, andakter på institusjonar, barne- og tweenskor som deltok i 5 familiegudstjenester og band som står for musikken i gudstenesta om lag ein gong i månaden. Lista er lang over musikalske bidrag og element i kyrkjelivet på Os. I 2025 har vi òg hatt prosjektkor til enkelte framføringar, med god respons. Medvirkning frå ulike frivillige musikkaktørar som solister, songgrupper, instrumentalister og andre musikere må òg nemnast.

Viktige hendingar:

- Framføring av «jazzmesse» av og med Aasmund Brekke i lag med musikarar og prosjektkor
- Framføring av konsertverket «Den store stjerne» (Mons Leidvin Takle) i Nore Neset kyrkje

Frivillige bidreg aktivt med musikkinnslag i både gudstjenester og konsertar, noko som vitner om eit stort lokalt engasjement. Stor takk til alle frivillige musikarar i Os!

### Cembalo i Nore Neset kyrkje

Cembalo er et klaverinstrument som vi låner til Nore Neset kyrkje frå kyrkjelydene i Sund. Dette treng jamnleg vedlikehald, men innbyr til flotte konsertopplevingar med musikk frå dette instrumentet sin storheitstid kring 1400-1700-talet.

### Månadlege konsertar

Musikkutvalget har diskutert korleis vi best kan framheve dei musikalske skattene frå Os og nærområda. Som eit resultat har ein kome i gang med å arrangere månadlege konsertar, rundt den 15. kvar månad, i anten Tunet kyrkje- og kultursenter, Nore Neset kyrkje eller Os kyrkje. Målet er å styrke kyrkjekulturen gjennom eit variert musikktilbod. Repertoaret spenner frå barokkmusikk til samtidsmusikk, og inkluderar ulike sjangrar, både jazz, kor og populærmusikk. Å arrangere konsertar kostar gjerne litt pengar, og vi er svært takksame for alle som ynskjer å bidra og bygge opp dette tilbodet, anten det er økonomisk, musikalsk eller praktisk.

### Instrument

Orgelet i Os kyrkje er gammalt, og det er eit ynskje å anskaffe et nytt. Samstundes er dette ein svært stor investering. For å legge eit godt grunnlag har vi starta arbeidet med eit orgelutval, som skal kartleggje kva som må gjerast for å få på plass eit nytt orgel. Målet er å skape eit grunnlag for søknadar og vidare finansieringsarbeid. Vi set stor pris på alle som ynskjer å bidra til dette store lyftet.

Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand. Vi har òg godt brukbare piano i både Os og Nore Neset kyrkjer, samt i Eldstova i Tunet. I Storsalen står det dessutan eit godt flygel.





## Nore Neset kyrkje

**Nore Neset kyrkje har program året rundt, og jubileumsåret 2025 baud på ekstra mykje festivitas.**

Blant høgdepunkt gjennom året kan nemnast

- Lunsjtreff for seniorar om lag annankvar tysdag
- Babysong-kurs i kyrkjerommet på torsdagar
- Godt besøkt julefest for heile kyrkjelyden i starten av januar
- Høgtlesing frå Bibelen på søndagskveldar; eit enkelt fellesskap for å dela Guds ord
- Messy church-familiegudstenestene har fått fast tilhald i Nore Neset
- Songkveldar og konsertar gjennom heile året; Nore Neset er ei musikkkyrkje!
- Skjærtorsdagsgudsteneste med måltidsfellesskap
- Vårfest med grilling i mai

Så må ein òg her trekkje fram at eit aktivt Nore Neset-utval legg ned mange frivillige timar for å fylle kyrkja med aktivitet og liv gjennom året. Her er det òg rom for fleire frivillige som ynskjer å ta del i å utvikle lokalkyrkja!

I år var det sjølv sagt særleg høgtid kring jubileumsmarkeringa då kyrkja fylte 25 år 1. søndag i advent. Gjennom hausten hadde fleire flotte konsertar og salmekveld med Eyvind Skeie sett stemninga. Det vart ei godt besøkt og verdig feiring av den flotte kyrkja vår på Nore Neset.

Fellesrådet fekk i 2024 løyvd pengar til å fornye og vidareutvikle kyrkjegarden nedanfor kyrkja. Dette arbeidet har pågått gjennom hausten, der trebrua er fjerna og dammen fylt att, og nye grusveggar anlagt. Planting og ferdigstilling av det nye området skjer våren 2026.

# Kommunikasjonsarbeid

- Os kyrkjeblad kom ut tre gonger i 2025, med eit opplag på om lag 9300.
- Nettsidene [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) er i aktiv bruk, og vi jobber med å utvikle og forbetre informasjonen som til ein kvar tid ligg ute.
- Kyrkjelydens Facebook-side postar jamnleg aktuelt nytt frå kalenderen og heimesida
- Kunngjeringsark og oppslag i Tunet og kyrkjene
- Appen Spond brukast til både barnekor, ungdomsarbeid og barnesamlingar.
- Ungdomstunet nyttar eigne sosiale medier og nettsider til sin kommunikasjon (Instagram, Tiktok, Facebook)
- Vi er i dialog med lokalpressa når vi har nyhende som kan vere av interesse å lyfte fram på deira plattformer, og kunngjer både gudstenester og andre arrangement i avisspaltene.

Å nå ut til våre støttespelarar, gjevarar, kyrkjegjengarar og andre i Os som har interesse, er viktig for oss. Dette er eit stort arbeid, som det samtidig er utfordrande å finne ressursar til.



## Takk til alle frivillige!

Rundt 180 frivillige er engasjerte i kyrkjelyden – og utan dykk hadde svært mykje av verksemda vore umogeleg. Tusen takk til alle som bidreg - til dømes...

...i gudstenester og kyrkjekaffi

...i trusopplæringa, kor, Messy Church, familie- og ungdomsarbeid

...i speidaren - eigen årsmelding ligg som vedlegg!

...i konfirmantarbeidet

...i sokneråd, komitear og utval

...i diakonalt arbeid og språkkafé

...i musikk og kulturarbeid

...med praktisk hjelp til bæring og rigging, reparasjonar, flaggheising og -firing

...på Senior-Koinonia og andre samlingspunkt for eldre

...i minnesamvær

...på Julemessa

...alle som elles bidreg på små og store måtar.


Stor takk til dykk alle - og det er plass til fleire!

**Du er ein viktig del av Os kyrkjelyd - saman byggjer vi ei kyrkje som er «Nær Kristus, nær kvarandre, nær kvardagen»!**



**Os sokn**

**Årsregnskap 2025**



# Driftsregnskap

## Os sokn

	Note	Regnskap 2025	Revidert budsjett 2025	Opprinnelig budsjett 2025	Regnskap 2024
Brukerbetaling, salg, avgifte	1	-2 107 067	-	-2 117 400	-2 077 363
Refusjoner/overføringer		-427 872	-	-290 200	-333 095
Statlige tilskudd		-446 000	-	-491 000	-437 047
Rammeoverføring/tilskudd fra	2	-15 000	-	-45 000	-45 000
Tilskudd fra soknets organer		-	-	-	-311 547
Andre tilskudd, gaver, innsamlede r		-1 439 401	-	-1 410 000	-1 583 012
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>8</b>	<b>-4 435 340</b>	<b>-</b>	<b>-4 353 600</b>	<b>-4 787 063</b>
Kjøp av varer og tjenester		2 152 146	-	1 790 658	2 173 573
Refusjoner/overføringer		1 068 612	-	964 000	625 838
Tilskudd og gaver		448 125	-	455 000	682 341
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>8</b>	<b>3 668 882</b>	<b>-</b>	<b>3 209 658</b>	<b>3 481 752</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>8</b>	<b>-766 457</b>	<b>-</b>	<b>-1 143 942</b>	<b>-1 305 311</b>
Renteinntekter og utbytte		-94 668	-	-100 000	-100 482
Renteutgifter og låneomkostninger	5	635 318	-	655 342	682 645
Avdrag på lån	5	574 800	-	654 800	574 800
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>		<b>1 115 450</b>	<b>-</b>	<b>1 210 142</b>	<b>1 156 963</b>
Avskrivninger	4,7	793 913	-	-	793 913
Motpost avskrivninger	4,7	-793 913	-	-	-793 913
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>		<b>348 993</b>	<b>-</b>	<b>66 200</b>	<b>-148 348</b>
Bruk av disposisjonsfond	3,6	-66 200	-	-66 200	-98 697
Bruk av bundne fond	3,6	-282 793	-	-	-211 505

<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>-348 993</b>	<b>-</b>	<b>-66 200</b>	<b>-310 202</b>
Avsatt til disposisjonsfond		-	-	-	74 000
Avsatt til bundne fond		-	-	-	384 550
<b>Sum avsetninger</b>		<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>458 550</b>
<b>REGNSKAPSMESSIG MEF</b>	<b>8</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## Investeringsregnskap

### Os sokn

	Note	Regnskap 2025	Revidert budsjett 2025	Opprinnelig budsjett 2025	Regnskap 2024
Investeringer i anleggsmidle	3,4	223 473	-	-	-
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>3,4</b>	<b>223 473</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Refusjoner	3	-44 695	-	-	-
<b>Sum eksternt finansiering</b>	<b>3</b>	<b>-44 695</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Bruk av avsetninger	3,6,8	-178 778	-	-	-
<b>Sum finansiering</b>	<b>6</b>	<b>-223 473</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Udekket/Udisponert</b>	<b>8</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## Balanse

### Os sokn

	Note	2025	2024
<b>Anleggsmidler</b>		<b>31 387 524</b>	<b>31 957 965</b>
Faste eiendommer og anleg	3,4	31 363 763	31 910 437
Utstyr, maskiner og transpo	4	23 761	47 528
<b>Omløpsmidler</b>	<b>3,4</b>	<b>2 379 619</b>	<b>2 450 021</b>
Kortsiktig fordringer		583 694	530 649
Kasse, bankinnskudd		1 795 924	1 919 372

**SUM EIENDELER**

**33 767 143**

**34 407 986**

<b>Egenkapital</b>		<b>-19 598 564</b>	<b>-20 121 975</b>
Disposisjonsfond	6	-475 694	-541 894
Bundne driftsfond	6	-654 805	-1 116 376
Kapitalkonto	7	-18 468 064	-18 463 705
<b>Langsiktig gjeld</b>		<b>-12 919 460</b>	<b>-13 494 260</b>
Andre lån	6	-12 919 460	-13 494 260
<b>Kortsiktig gjeld</b>		<b>-1 249 120</b>	<b>-791 751</b>
Annen kortsiktig gjeld	8	-1 249 120	-791 751
<b>SUM EK OG GJELD</b>		<b>-33 767 143</b>	<b>-34 407 986</b>

Dato:

\_\_\_\_\_  
**Sigurd Rotvik Tunestveit**

Daglig leder

\_\_\_\_\_  
Soknerådsleder

# Noter

## Os sokn

### Note 1 Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Soknets regnskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke fastsatt av Barne- og familiedepartementet 8. desember 2020 og god kommunal regnskapsskikk. De kommunale regnskapsprinsipper innebærer blant annet at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalte anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter medtas i drifts- eller i investeringsregnskapet. I balanseregnskapet er omløpsmidler vurdert etter laveste verdis prinsipp. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid er avskrevet med like store årlige beløp over anleggsmiddelets levetid. Se for øvrig egen note om anleggsmidler.

### Note 2 Tilskudd fra kommunen

Os sokn har mottatt kr 15 000 i tilskudd fra kommunen. Dette har vært rettet til formål: Kulturmidler og juleball

### Note 3 Investering

Investeringer	Aktivert/ finansierings- behov	Refusjon (moms)	Tilskudd	Avsetninger og bruk av avsetning	Udekket / Udisponert
Prosjekt 1	223 473	-44 695		178 778	0
<b>Sum</b>	<b>223 473</b>	<b>-44 695</b>		<b>178 778</b>	<b>0</b>

### Note 4 Anleggsmidler

#### Faste eiendommer og anlegg

	IB	Tilgang	Avgang	Avskrivning	UB
Avskrivningstid 50 år	31 910 437			770 146	31 140 291
Avskrivningstid 50 år	-	223 473			223 473
<b>Balanseført verdi</b>	<b>31 910 437</b>	<b>223 473</b>	<b>-</b>	<b>770 146</b>	<b>31 363 763</b>

Aktivering - Nytt Glassfelt

Utstyr, maskiner og transportmidler	IB	Avskrivning	Aktivering	UB
-------------------------------------	----	-------------	------------	----

Avskrivningstid 10 år	47 528	23 767		23 761
<b>Balansført verdi</b>	<b>47 528</b>	<b>23 767</b>	<b>0</b>	<b>23 761</b>

## Note 5 Langsiktig lån

### Konto 5452001, 5452002 og 5452003 Lån KBN

Rentesats mellom 5,25 % og 5,75 %. Nedbetalingsplan er 2 terminer pr. år.

Renteutgifter for 2025 er kr 635 318

hvorav 187 439 er påløpte, ikke forfalte renter pr 31.12.

<b>IB</b>	<b>-13 494 260</b>
Avdrag	574 800
<b>Balansført verdi 31.12.2025</b>	<b>-12 919 460</b>

## Note 6 Avsetninger

Spesifikasjon over fond, avsetning til og bruk av fond 2025

Konto	Type fond	IB	Årets avsetninger	Årets bruk av avsetninger	UB
5.56-5.58	Disposisjonsfond	541 894	0	-66 200	475 694
5.51-5.52	Bundne driftsfond	1 116 376	0	-461 571	654 805
5.53-5.54	Ubundne investeringsfond	0	0	0	0
5.55-5.55	Bundne investeringsfond	0	0	0	0
	SUM:	1 658 270	0	-527 771	1 130 499

## Note 7 Transaksjoner ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
<b>01.01.2025</b>	<b>-18 463 705</b>	<b>IB</b>
I løpet av året	-574 800	Betalt avdrag lån
I løpet av året	-223 473	Aktivering
I løpet av året	793 913	Avskrivning
I løpet av året	-0	Ørediff
<b>31.12.2025</b>	<b>-18 468 064</b>	<b>UB</b>

## Note 8 Mer-/Mindreforbruk

Os sokn har gjennomført en investering i 2025 i form av nytt glassfelt i trapp

Det er brukt kr. 26 287 av fond "Gjevartenesta ungdomspresten"

For inndekking av merforbruket i drift

Det er brukt kr. 226 182 av fond "Gaver kyrkjetunet" for inndekking av merforbruk i drift

Det er brukt kr. 209 102,18 av fondet "Kyrkjelydshus i Os" for inndekking av

resterende merforbruk i drift og udekket i investeringsregnskapet.

Fondene Gaver kyrkjetunet og Kyrkjelydshus i Os er brukt grunnet høy kostnad på utbyggingen av kyrkjetunet, både i renter og avdrag

Etter bruk av fond balanserer både drift og investeringsregnskapet  
Det har ikke vært grunnlag for strykninger i 2025



# Årsmelding 2025 1.Os

**Speideråret 2025** var et godt arbeidsår med aktivitet i alle enhetene med møter mandag ettermiddag gjennom skoleåret og familiedag med St.Georgsfeiring. I tillegg til denne bærebjelken i arbeidet vårt var 2025 preget av to store begivenheter: Landsleir og jubileumsfeiring.

## Medlemstall:

Antall medlemmer registrert i det sentrale medlemsregisteret Hypersys ved utgangen av 2025 var 97, det samme som i 2024. Disse fordelte seg slik på de ulike arbeidsgrenene:

- Oppdagere 6-7 år: 10
- Stifinnere 8-9 år: 16
- Unge vandrere 10-11 år: 16
- Store vandrere 12-15 år: 25
- Rovere 16-25 år: 11
- Ledere og støttespillere 26 år og oppover: 19

**Ledersituasjonen** var god, og også i 2025 ble to nye ledere godkjent: Andreas Brattebø og Anne Line Bjånes.

## Fellesarrangementer for hele gruppa

- Felles tenkedagsfeiring på Kyrkjeflaten 20.februar
- St.Georgsdagen ble markert i 27.april: Familiedag i Ervikane , med dåpsgudstjeneste og speideraktiviteter. Vandrarene var på haik frå dagen før.
- Jubileumshelg – 27-28 september
- Førljuskveld i Nore Neset kirke, med diverse aktiviteter og bålpanner utenfor
- Speidergudstjenesten 1.søndag i advent, var erstattet av jubileumsgudstjenesten 28.09



## **8.mai i minneparken**

Speidere deltok også i år med kransenedleggelse på frigjørings- og veterandagen 8. mai

## **Bjørnafjorden pride**

Vi utfordret gjennom Spond til å delta i pridemarkeringen sammen med representanter for menigheten, under fanen «Rundt våre leirbål er det plass til alle». Å være tydelig på dette budskapet er en del av forbundets strategi. Erfaring viser at det som ikke er sagt tydelig, heller ikke er hørt av unge mennesker som lurte på om de er velkomne som de de er. Det var delte reaksjoner på dette i gruppa, noen negative, og noen positive. Det er kanskje behov for en samtale i ledergruppa om dette.

## **Nytt lager på speiderloftet**

Behovet for å få til et skikkelig lagersted for alt utstyret vårt har vært påtrengende. Os sokn har stilt det gamle trosopplæringslageret til disposisjon for oss. Det er vi veldig takknemlige for. Vi stilte med foreldre og speidere til bærehjelp, så vi fikk flyttet menighetens utstyr til lager over foayeen ved storsalen. Gradvis har vi fått system og oversikt over det vi har, og gjort det mer tilgjengelig. Som en konsekvens er og det gamle speiderloftet på vei til å bli et brukbart møterom

## **Landsleir på Gjøvik**

Blant 10 000 speidere fra inn- og utland, var 34 medlemmer av 1.Os på den første felles landsleiren for begge speiderforbundene i Norge. Vi var 17 speidere, 1 lederbarn, 7 ledere i gruppa, 3 ledere med oppgaver i stab, 6 rovere som brukte 1-3 uker av sommerferien sin i stab, arbeidsleir eller som ledsager. Vi vil takke Os y's men for støtte til leiren, og Os kyrkjelyd, SR-bank, Sparebanken Vest, Søre Neset sanitetsforening og PM Sælens fond for at vi kunne dra på leir med flunkende nytt masteseiltelt, og fornyelse av resten av teltparken

Etter leiren ble teltene stilt til disposisjon for andre gjennom frilager i Bergen, mens vi selvsagt har førsterett til å hente ut våre telt når vi trenger dem.

## **Jubileumsfeiring**

Helgen 27-28 september markerte vi at det var 80 år siden speidergruppa i Os ble meldt inn i KFUM-speiderne, og 50 år siden Os 2 KFUK ble stiftet. Lørdag kveld var det jubileumsfest i storsalen i Tunet. Godt over 100 nåværende og tidligere speidere



deltok. Ordfører og kultursjef stilte fra kommunen og sokneprest og SR leder fra Os sogn. Søndag var det jubileumsgudstjeneste i Os kirke.

De to tidligere lederne i Os, Per Solberg og Lill-Karin Wallem, hadde gjort et stort arbeid med å få oversikt over historien. Det ble laget en historisk utstilling i Tunet, og Per Solberg hadde laget en oversikt over speidermerker fra ulike perioder. Disse er fortsatt utstilt i Tunet

Kostnadene ved jubileumsfeiringen var på totalt kr 18.546, Dette inkluderer også gave til historikerne og de to jubileumsmerkene. Styret har i ettertid godkjent følgende inndekning av disse utgiftene:

Gave til gruppestyret fra Fana sparebank	kr 10 000
innbetaling fra festdeltagere	kr 5 300
disponering av overskudd i 2024	<u>kr 3 250</u>
	<u>kr 18 550</u>

## Deltagelse i regionale, nasjonale og internasjonale speideraktiviteter

Blant annet følgende:

- Fleire av roverane er aktiv i Ung Aktiv Bjørgvin (UAB) som arrangerer kurs og turar for patruljeførarar og vandrarar i kretsen
- Vi har hatt representanter i organisasjonens besluttsende organer som peffting, roverting, kretsting og landsting.
- 9. mars var det kretsting i Sædalen kirke, og vi stilte sterkt. Andreas Brattebø vart valgt inn i kretsstyret for 2 år og Matias Døsen Pontoppidan og Wenche Orrebakken vart valgt til varamedlemmer. Andreas og Wenche vart valgt til delegat til landsting.
- På landsting vart Matias og Wenche valgt inn i landsstyret, Wenche sitter også i styre for Speiderne i Norge.
- Andreas er viseleirsjef for roverlandsleir i 2026 og er godt i gang med arbeidet.
- Deltagere fra 7.klasse og oppover på ulike kurs i organisasjonens ledertreningsprogram
- Vi var godt representert på Bymanøveren i Bergen i november, med deltagere fra alle enhetene.
- Også i 2025 var en gjeng fra Os med på ungdomsturen til Dyrkolbotn i desember, både som deltagere og som ledere



## Speiderskjortebanken

Speiderskjortebanken vart veldig godt mottatt og det er per 1.1.2026 heile 26 speiderskjorter på utlån. Vi har framleis mange som er klare til utlån så her er informasjon til nye speidarar ekstra viktig.

Økonomisk status er:

Innkjøp av speiderskjorter, både nye og brukte	15.869,20
Inntekt utleige av speiderskjorter	1875,00
Depositum innbetalt	3800,00
Depositum utbetalt	200,00

## Styrer og utvalg:

**Arbeidsutvalget (AU)** har bestått av einingsleiarane:

- Vår: Jostein Døsen, Gunnbjørg Andreassen Øen, Åshild Skaatun Hergum, Torbjørn Hergum, Ingeborg Holemark og Margrethe Holmboe Askeland
- Høst: Margrethe Holmboe Askeland, Sylvi Lundgren, Anne Line Lekven Bjånes, Gunnbjørg A. Øen, Åshild S Hergum og Ingeborg Holemark. Kasserer har hatt tilgang til å møte.

Det meste av kommunikasjonen har foregått på chat eller digitale møter

**Gruppestyret** består av Margrethe Holmboe Askeland, Baard Brattebø valgt for to år i 2025 og Torbjørn Hergum valgt for 1 år i 2025. Supplert med kasserer Wenche Orrebakken, valgt for 2 år i 2024

**Gruppeleder** valgt for 2 år i 2025: Margrethe Holmboe Askeland

Os sokn  
Tunet kyrkje- og kultursenter  
Øyro 49, 5200 Os

Tlf: 56 57 24 00  
[kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os)



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Os kyrkjelyd